

God, gamaldags dansekveld i Helgheim

21.10.2012



AristoCats var i Helgheim for første gong

Det vart ein god, gamaldags dansekveld i Helgheim sjølv om det ikkje kom fleire enn 75 for å svinge seg til tonane frå eit orkeser prega av futt og fart. AristoCats frå Sotra hartil neste år halde på i 40 år og karane er alle over 55 men ingen skal påstå at dei er prega av det. Tvert i mot er repertoaret så vidtfavnande både musikalsk og med omsyn til tidspenn at det appellerar til fleire generasjonar. Og når det gjeld frammøtet har ungdomslaget og eldsjelen Berit Harriet Døssland slett ikkje mista motet.- Det kjem sikkert fleire neste gong, sa ho optimistisk inatt.



Vokalist Kjell Kallestad (til venstre) og gitarist Jonas Moe

'Kattane' fortener ein ekstra ros for å spela det folk i den generasjon det gjeld vil ha. Det er grunn til å sjå fram til neste år for da kjem dei med CD nummer 3 som er ei jubileumsplate for å markera dei 40 åra. Jubileet vil sikkert også bli grundig markert av den ivrige fanklubben som gjorde seg gjeldande under dansen i Uskedalen og som har eksistert heilt sidan 1987. Den har allereie planlagt kva som skal skje i 2013. AristoCats har tydelegvis fans over store delar av landet. For ikkje lenge sidan kom det eit stor kontingent frå Vestfold til Bergen for å nyta orkesteret! Kva bemanningen angår, er vokalist Kjell Kallestad (med feriebase på Rabben) i dobbel meining toneangivande men dei 4 andre heng godt med: Inge Glesnes, Torstein Hjelle, Jonas Moe og Thor Inge Stokke. Arrangementet i Helgheim var prikkfritt også med omsyn til servering av mat og drikke. No får ein berre håpa at ungdomslaget ikkje fekk ein økonomisk baksmell.



75 kom, men det burde ha vore fleire

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



AristoCats er ei bra dansekester